



## Årsmelding for 2024 frå Handballgruppa i Hareid IL

**Styret** har sidan årsmøtet for 2023 hatt slik samansetjing:

Leiar: Vivian Johansen

Nestleiar: Astrid Ertesvåg

Styremedlem: Melisa Saldic - Sekretær

Styremedlem: Heidi-Beate Siring Grimstad- Økonomiansvarleg

Styremedlem: Rune Olsen- Utstyrsansvarleg

Styremedlem: Odetta Galdikiene- Dommaransvarleg

Styremedlem: manglar medlem- Kiosk og arrangementsansvarleg

### **Styret sitt arbeid:**

Oppmøte i styret har vore variabel. I all hovudsak har vi hatt fire stabile styremedlemmar som har møtt på dei fleste av styremøta. Det er eit behov å utvide styret i handballgruppa for å sikre stabilitet og kontinuitet i arbeidet.

Styret har hatt 7 styremøter og handsama i alt 31 saker, mellom anna:

- Handballskule i vinterferien-24

Vi arrangerte handballskule i vinterferien. Handballskulen er for alle frå 1.-6.klasse. Tilbakemeldingane er at dette er eit godt arrangement, som dei set pris på å ha.

- Innkjøp av utstyr

Dette året har vi sett behov for å utvide utstyrsparken vår enda meir. Vi har fleire born med i handballgruppa, noko som gjer at vi må ha tilgong til litt treningsutstyr i større grad enn vi brukar inn mot dei eldste utøvarane våre.

Vi har også fått på plass eit kjøleskap, som skal gjere at kioskvarene våre vert litt meir attraktive, som t.d. kald brus.

c. Trenarsituasjon sesongen 2024-2025

Ved oppstart av sesongen stod J13 utan trenar, etter at Olav Vikebakk og Toril Haug Vikebakk, gav beskjed om at dei ønska å trekke seg frå oppgåva. Det blei krevjande veker i oppstarten, der vi hadde fleire “vikarar” inne, men der ingen hadde mogelegheit å ta på seg oppgåva. Til slutt fekk vi overtalt Stasys Galdikas til å ta på seg trenarrolla for denne sesongen. Ein sолlid trenar, med lang erfaring!

d. Støtte til foredrag J18

I april 2024 blei det arrangert **avslutningsfest for samarbeidslaget Hareid/Hødd J18**, og trenarane deira. I den samanheng blei Hilde Holberg leigd inn for å halde foredrag for laget. Dette var eit vellukka tiltak, der vi opplevde at jentene også fekk litt “vitalt påfyll”.



Hareid/Hødd jenter 18 år

e. Samarbeid Hødd/Hareid/Bergsøy

For sesongen 2024-2025 blei det etablert eit samarbeid mellom Hareid, Hødd og Bergsøy på seniornivå. Ingen av laga hadde nok spelarar til å stille eit eige lag i divisjonane som dei tidlegare hadde spelt i. Hødd hadde eit sterkt ønske om å behalde plassen i 3.divisjon, men trengte hjelpe av naboklubbane. Bergsøy hadde spelarar nok til eit 20 års lag, men ønska også å stille med eit seniorlag i 5.divisjon. Då ville det bli litt tøft utan ekstra støtte med spelarar frå naboklubbane. Hareid hadde fire jenter som ønska og hadde mogelegheit å halde fram med handball denne sesongen, og dei fekk no eit tilbod om å spele både på 20 årslaget til Bergsøy, på

5.divisjonslaget og på 3.divisjonslaget på Hødd. Samarbeidet gjer at spelarane likevel kan halde fram med å vere medlemmar i handballgruppa til Hareid idrettslag.

I november 2024 måtte vi trekke 20 årslaget til Bergsøy-Hødd-Hareid, då det blei for krevjande å følge opp alle kampdataor og sørge for nok spelarar og hjelparar.

5.divisjonslaget ligg pr.dags dato som nummer to på tabellen, med berre to tap denne sesongen.

3.divisjonslaget til Hødd-Hareid-Bergsøy ligg pr.dags dato som nummer 10 på tabellen, og det blir spennande å sjå om dei vil behalde plassen i 3.divisjon til neste sesong.



Hødd/Hareid/Bergsøy 3.div

f. Foreldremøte ved sesongstart

Ved sesongstart kalla vi denne gongen inn til eit foreldremøte på klubbhuset. Vi ønska å informere om dei ulike rollene vi har behov for som eit hjelpeapparat i handballgruppa. Målet var å trygge foreldra på at dette er noko alle kan meistre, og at det også ligg ei sosial side ved det å engasjere seg i idretten som barnet deira er ein deltakar i. Vi ønska også å få på plass funksjonen som lagleiarar for kvart av laga.

Det var omlag 24 frammøtte.

g. Status dommarar

Ved jamne mellomrom tek vi opp dommarsiuaasjonen til klubben. Det er vanskeleg å rekruttere dommarar. For neste sesong har vi Villemo Johansen Rise, Frida Vasstrand

Hodge og Aida Galdikaite som kan dømme barnehandball opp til 12 år. Dei får i oppdrag å dømme alle heimekampar for 9 årslaget og 11 årslaget. Utover dette har vi Morten Berge Digernes som dømmer kampar på seniornivå.

Klubben ønsker å rekruttere fleire dommarar, og vil sjå på mogelegheita til å sende jenter frå J13 på dommarkurs til neste år.

h. Dugnad i veke 42

Handballgruppa har som "tradisjon" å ha ei form for dugnad i veke 42 når Hareidhallen elles er opptatt til Hareidsstemna. I år bestemte vi oss for å prøve ut to tilbod som "Dugnadspartner" tilbaud oss. Det eine var flaskeinnsamling, det andre var kleinnsamling. Flaskeinnsamlinga gjekk veldig bra. På førehand bestilte vi 60 store plastsekkar frå Infinitum. Desse delte vi ut til utøvarane. Målet var at alle skulle fylle sin sekk med pant. Totalt samla vi inn 46 store sekkar som igjen gav oss ei inntening på 18 071, 50 kroner.

Kleinnsamlinga gjekk ikkje like bra. Vi samla inn 23 "søppelsekkar" med klede. Avtalen var at desse skulle hentast i november/desember, men først i slutten av januar fekk vi gjort ein avtale om henting. Det var helle ikkje god inntening på dette. Vi fekk 3 kr kiloen, noko som resulterte i 1428 kroner totalt sett.

i. Innkjøp av drakter

Sparebanken møre sponsa nye draktsett til Hareid IL, og det blei kjøpt inn draktsett til alle laga i handballgruppa for denne sesongen.

j. Bruk av Hummelmidlar

Det blei bestemt at Hummelmidlane denne gongen skulle brukast til å kjøpe Hareidsgensarar til J13. I tillegg skulle det kjøpast inn raude trenarjakker og joggebukser til alle trenarane i klubben.

k. Gjennomgang av arrangementreglement

Vi hadde ein god gjennomgang av reglementet for korleis vi skal gjennomføre større arrangement i hallen. Det blei sett på funksjonane for kiosk, for lagleiar, for hallansvarleg, for sekreteriat osv. Vi ønsker oss også meir profilering av handball og handballen sine verdiar, i Hareidhallen. Dette skal det jobbast meir med utover i 2025.

### **Seriespel:**

Handballgruppa meldte opp tre lag til seriespel denne sesongen. Jente/gut 9, Jente 11, Jente 13. I tillegg har vi fire spelarar som no trenar saman med seniorlaget til Hødd 3. div og seniorlaget til Bergsøy 5.div. Dette fordi vi ikkje lenger klarte å oppretthalde eit tilbod til desse spelarane på Hareid. Handballgruppa i Hareid har også god rekryttering blant dei yngste borna, som ikkje deltek i seriespel, men som deltek på cupar i nærmiljøet.

Jenter/gutar 9 spelar serieturnering. Det vil seie at dei samlar sine kampar til utvalgte helgar, og spelar opptil fire kampar på ein dag. Tureneringsdagane går på omgang mellom klubbane, og Hareid står som arrangør ein gong på hausten og ein gong på våren. Dette er ei fin mogelegheit til å vise fram den “yngste” delen av handballsporten for lokalbefolkninga.



Hareid J/G 9 år

Jenter 11 spelar også serieturnering. Frå 11 år startar vi med å telle mål på kampar. Laget vårt har møtt sterke lag i alle sine kampar, og har nok kjent på at det er tøft når måldifferansen blir stor. Vi opplever likevel jentene som positive og motiverte for å halde fram med handball, og håpar at med godt treningsfokus framover at dei skal kunne vise til framgang i neste sesong.



Hareid 1 og 2, Jenter 11 år

Jenter 13 har hatt ei jamn og fin utvikling, og har både vunne og tapt kampar gjennom heile sesongen.



Hareid jenter 13 år

#### Handballskule:

Handballgruppa gjennomførte to dagar med handballskule i vinterferien 2024. Dette er tredje gong vi arrangerar handballskule. Denne gongen blei det 26 påmeldte, -dessverre ikkje like mange som tidlegare. Vi hadde to dagar, med fire timar kvar dag, frå klokka 09.00-13.00. Vi veit ikkje årsaken til at deltakartalet blei så lavt denne gongen – mulig vi ”svikta” litt med marknadsføringa. Vi hadde 6 jenter frå J18 laget vårt som instruktørar. 3 medlemmar frå styret var med å hjelpte til med å lage mat og organisere dagane. Arrangementet var også denne gongen veldig vellukka, og vi fekk svært gode tilbakemeldingar frå både born og foreldre.

#### Rekruttering:

Handballgruppa opplever god rekruttering i dei yngste aldersklassane, men har utfordringar med å behalde spelarane når dei kjem i ungdomsskulealder. Det er også krevjande å stille med gode trenarkrefter dess høgare opp i alder ein kjem.



Hareid J/G 7 år (MINI)

### Medlemskap i gruppa pr.desember 2024:

Alderstrinn	Gutar				Jenter				SUM	
	0-5 år	6-12 år	13-19 år	vaksne	0-5 år	6-12 år	13-19 år	vaksne		
		3	0	1			53	14	14	85

### Lag og trenarar 2024-2025:

LAG	FØDT	TRENARAR	TRENINGSTIDER
J/G 7	f. 2018 og 2017	Vivian Johansen Ragnhild Nerhol	1 dag i veka
J/G 9	f. 2015 og 2016	Melisa Saldic Kristine Asp Jakobsen	1 dag i veka
J 101	f. 2013 og 2014	Ina Flø Nesset Maria Slettebakk Heidi- Beate Siring Grimstad	2 dagar i veka
J 13	f. 2011 og 2012	Stasys Galdikas	2 dagar i veka

### Dommarar 2024-2025:

Morten Berge har vore aktiv dommar for handballgruppa sesongen 2024-2025. I tillegg har Villemo Rise, Frida Vasstrand Hodge og Aida Galdikaite dømt kampar i barnehåndballen (fram til 12 år).



Frida Vasstrand Hodge og Villemo Johansen Rise

## Økonomi:

Hareid IL har hausten-24 mangla dagleg leiar. Dette har ført til litt forseinkingar i rekneskap, og ein del kostnadane og inntekter som skulle vore med i resultatrapporten 2024, ligg no på 2025.

Om vi tek med desse kostnadane og inntektene i 2024, finn vi at handballgruppa dette året går i pluss. På inntektsida kan vi nemne at handballgruppa totalt har samla inn 35 000 kroner på dugnadar som panteinnsamling, handballskule og vakthald på seinsommarfest i august-24.


Vi har dessutan auka inntektene på treningsavgiftsida med omlag 15 500 kroner.


På utgiftssida har vi i år måtte betale leige for Hareidhallen kvar gong vi arrangerar kamper på heimebane. For 2024 er leigekostnadane på 5356 kroner. I Noregs handballforbund Region nord sin handlingsplan vert det sett som mål å aktivt jobbe for at (minst) 75% av kommunane i regionen skal ha gratis anleggsleige for idrettsaktivitetar for born og unge. Ein leigepris på treningslokasjonar, fører til auka treningsavgifter, noko som igjen er stikk i strid med målsetjinga til regjering og kommune om å gjere aktivitetar for born og unge tilgjengeleg for alle.

Utover dette ligg utgiftene til handballgruppa innanfor det som har vore forventa, både når det gjeld dommarutgifter, påmeldingsavgifter og godtgjersler til trenarar og instruktørar.

Estimert overskot for 2024: 35 382.-

Hareid, 26.02.2025

Vivian Johansen  
  
Leiar

Astrid Ertesvåg  
  
Nestleiar

Melisa Saldic  
  
Styremedlem

Heidi- Beate Siring Grimstad  
Styremedlem

Rune Olsen  
  
Styremedlem

Odetta Galdikiene  
  
Styremedlem